

Skattedirektoratet
Postboks 9200 Grønland
0134 Oslo

skattedirektoratet@skatteetaten.no

Oslo 1. februar 2016

Dykkar ref.: 2012/33790

Høyningsuttale

– meirverdiavgiftsfritak for elektroniske nyheitstenester - forskrift

Vi viser til høyningsnotat datert 15. desember 2015.

Meirverdiavgiftslova § 6-2, if. Meirverdiavgiftsforskrifta § 6-2-1.

Forslag til endring i meirverdiavgiftsforskrifta.

Landslaget for lokalaviser (LLA) organiserer om lag 110 lokalaviser landet rundt. Lokalavisene er grunnfjellet i det norske pressemangfaldet. Dei er den viktigaste fellesarenaen i sine lokalsamfunn, synleggjer lokal kultur, bygger identitet og er avgjerande for eit velfungerande lokaldemokrati.

Innleiing

- Fritaket for meirverdigavgift for elektroniske nyheitstenester er svært viktig for at lokalavisene også i framtida kan fylle si viktige samfunnsrolle på ein god måte.
LLA har i alle år arbeidd aktivt for prinsippet om at avgiftsfritaket innbyggjarane har på kjøp av samfunnsinnhald må vere uavhengig av leveringsplattform.
Det er såleis svært gledeleg at dette prinsippet nå er politisk slått fast i regjering og storting, og at ESA nå har godkjent avgiftsfritaket.
Det er og særstakt positivt at det blir lagt opp til at fritaket blir gjort gjeldande raskt, frå 1.mars. Det er viktig at det ikkje blir utsettning.

Hovudpunkt

- LLA sluttar seg i all hovudsak til vurderingar og forslag i høyningsnotatet.

Merknader:

- LLA er einig med Skattedirektoratet i at grunngjevinga for gjeldande fritak for papiraviser, ytringsfridom og å ta vare på norsk språk, i høgste grad også er relevant for elektroniske nyheitstenester. Vidare at dagens ordning er forskjellsbehandling avhengig av distribusjonsteknologi.
LLA støttar og at avgiftsfritaket skal omfatte alle elektroniske nyheitsmedier som hovudsakeleg inneheld nyheits- og aktualitetstoff uavhengig av distribusjonsteknologi.
- LLA er einig med Skattedirektoratet om at prinsippa for avgrensinga for papiravgiftsfritaket skal ligge til grunn, men samstundes vere framtidssretta i forhold til teknologi ved at levande bilete, lyd og grafikk også vert omfatta. Men det er viktig at avgrensinga ikkje er for bastant; den teknologiske utviklinga går raskt og vi veit vel ikkje i dag kva som vil vere teknologisk muleg og ønskeleg for publikum i nær framtid. Det er difor viktig at det er innhaldsprinsippet som må vere rådande med rom for teknologiske nyvinnningar; som heilt sikkert vil kome.
LLA er slik einig med Skattedirektoratet i at det må leggast til grunn eit hovudsakelighetskriterium og at det må leggast opp til bruk av skjønn og at innhaldet vil bli nærmere avgrensa gjennom praksis.
- LLA ser det som viktig at det blir lagt til grunn ei tolking av definisjonen for nyheiter og aktualitet som omfattar eit breitt kultur- og samfunnsliv og som legg vekt på å ta vare på norsk språk, både bokmål og nynorsk, og samiske språk.
- LLA er einig i kravet om publisering av nytt innhald kvar veke eller oftare.
- LLA meiner at leverandørar av tenester som skal kvalifisere for mva-fritak må forplikte seg på å følgje Vær varsom-plakaten, som er rammeverket for presseetikken.
LLA er einig i at tenester som skal kvalifisere for mva-fritak skal ha ein ansvarleg redaktør i samsvar med Redaktørplakaten, og vere retta mot ålmenta.
LLA rår til at kravet vert stilt i forhold til Lov om redaksjonell fridom i media, § 3. Plikt til å ha ein redaktør.

- LLA er einig i at det er ein føresetnad for fritaket at det skal omfatte nyheits- og aktualitetsstoff som vert omsett mot brukarbetaling.
- Omsetning av enkeltartiklar

LLA er ikkje samd med Skattedirektoratet om at enkeltartiklar ikkje skal vere omfatta av fritaket.

Per i dag er det lite sal av enkeltartiklar i lokalavisene, men det vil vere særslig uheldig å uteslunge dette i ei tid der avisene arbeider hardt med å finne gode betalingsmodeller for redaksjonelt innhald.

Det er ein realitet at bruks- og kjøpsmønster er i endring, og varierer mellom generasjonar.

Avisene arbeider spesielt aktivt for å rekruttere unge lesarar og kjøp av enkeltartiklar kan vere ein måte å nå fram på.

Det er og fleire som digitaliserer avisarkivet og etablerer forskjellige betalingsordningar for tilgang. Enkeltartiklar kan vere ein del av dette.

LLA meiner at avisar som elles oppfyller krava til avgiftsfritaket må kunne få fritak også ved omsetning av enkeltartiklar.

Dette vil heilt klart fremje innovasjon, som er eit viktig mål med forskriften.

Oslo 1. februar 2016

Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland
generalsekretær

Roar Osmundsen
styreleiar